

NINA MALTERUD

Nina Malterud (f. 1951) vekte stor oppsikt då ho i 1987 gav seg i kast med den truleg største krukka som nokon gong er laga i Norge. Krukka skulle markera inngangen til Kunstindustrimuseet i Oslo, og der står ho også den dag i dag. Storleiken krevde brenning i ein spesialbygd, vedfyrt ovn, og den ferdige krukka veg rundt 200 kg. At eit slikt oppdrag gjekk til Nina Malterud, var ikkje overraskande. Ho er ein svært dyktig handverkar med stor interesse for keramikken sine historie, og ho har sjølv arbeidd mykje med handbygde, monumentale krukker.

Krukkene til Nina Malterud lar seg gruppera i ulike seriar på grunnlag av felles formtema. Inspirert av ei papirkorg i metall laga ho f. eks. ein serie kvadratiske krukker med veggjar som skrår ut nedanfrå og der botnen er heva opp på fire korte føter. Desse krukkene dannar eit viktig utgangspunkt for ein seinare serie av krukker som også er kvadratiske i botnen, men som smalnar til oppover og som endar i ei sirkelrund avslutning i toppen. Sylinderen og kuben har kryssa seg, og i krukka *Snøball* (1990) har det resultert i ei form som har heva seg opp til å bli både lett og tung på ei og samme tid. Sjølv om temaet handlar om geometriske figurar, vekkjer mange av desse krukkene samstundes assosiasjonar til dyreriket. Særleg gjeld det krukkene med små føtter og med ei overflate som minner om hud og skinn, eit døme er *Beltedyr* (1990) som Kunstindustrimuseet i Oslo eig.

I valet av materiale og teknikk høyrer Nina Malterud heime i leirgodstradisjonen med bruk av blåleire, begitning, transparent blyglasur og brenning ved låg temperatur. Slik fører ho vidare ein klassisk norsk tradisjon. Men der formuttrykket innafor tradisjonen har vore bestemt av funksjonen og nytten, nærmar Nina Malteruds arbeid seg eit uttrykk der den estetiske dimensjonen er viktigare enn den funksjonelle. I krukkene handlar dette særleg om gjenstandane sine skulpturelle kvalitetar, medan det i fata handlar om dei visuelle kvalitetane. Dette innber ikkje ei avvisning av den funksjonelle keramikken. For Nina Malterud er det inga motsetning mellom kunst og funksjon, like lite som det er ei motsetning mellom å arbeida i stort eller lite format. Problemstillingar omkring form og uttrykk, dekor og overflate er dei samme enten ho lagar store krukker eller små krus, fliser til utsmykking eller fat til bruk.

Serien med fat som *Stjertåke* (1990) og *Hvit dag* (1989) er henta frå, inneheld fat som er store og skjøre og som difor er lite eigna til kvardagsbruk. Til gjengjeld er dei fulle av visuell poesi. Fata er laga som eit tynt skal i gipsform, og denne forma har albageskjellet som utgangspunkt. Overflata er bearbeidd i fleire omgangar med begitning, glasur og lusterfargar, og dei fleste fata er difor brent 4-5 gonger. Ingen fasttømra idé på førehand har avgjort korleis sluttresultatet skulle bli. Istaden er fata eit resultat av ein prosess der "feil" undervegs i fargar, glasurar og brenning er blitt utnytta i den vidare bearbeidinga. Denne produktive dialogen med materialet er sidan blitt ein viktig arbeidsmetode for henne.

Det siste tiåret har Nina Malterud hatt ei rekkje større utsmykkingsoppgåver der ho særleg har arbeidd med fliser til golv og vegg. I tillegg har ho sidan 1994 vore professor i keramikkk ved Kunsthøgskulen i Bergen. Desse to faktorane forklarar kvifor produksjonen av unikating har vore heller beskjeden i seinare år, men det er ein situasjon som vil endra seg når ho stoppar som professor.



"Ceramic Vessel" 1990 earthenware h. 60 cm